



## Sogn og Fjordane fylkeskommune

Hovudutval for samferdsle  
Askedalen 2,  
6863 Leikanger

### FRÅSEGN OM KOLLEKTIV TILBODET I VIKSDALEN OG HAUKEDALEN I DAGAR/ VEKER OG MÅNADAR MED SKULEFRI.

Viksdalen Pensjonistlag har 48 fastbuande medlemmer i desse dalføra, og i den seinare tid har vi fått uromeldingar og klager på rutetilbodet her som i deler av året er lite tenleg, og heilt fråverande når det er skulefri.

Vi viser til «Lov om offentlige anskaffelser, § 1: Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptre med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ansvar for den lokale kollektivtransporten i fylket.

Vi reagerer på måten lova vert brukt, når å **legge ned tilbod** skal «bidra til økt verdiskapning i samfunnet». Og korleis kan slik offentlig opptreden bidra til «at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

I Fylkestinget 07.04.2010, i sak 11/10 punkt 1, vart det gjort slikt vedtak: «Fylkeskommunen skal tilby likt rutetilbod med båt uavhengig av bustadkommune. Det fylkeskommunale minstetilbodet med båt vert definert ut frå samla antal fastbuande langs kvar båtrote, slik dette går fram av tabell 2 i fylkesrådmannen sitt saksførelegg.»

Når vi går til nemnde tabell 2, «Rutetilbodmodellen» seier den: **«For å få eit tilnærma likt rutetilbod i dei ulike kommunane har vi sett på ein modell som tek omsyn til: Fastbuande langs kvar enkelt rute. Rutetilbod med/utan skuleskyss. I tabellen har vi sett opp korleis det fylkeskommunale rutetilbodet skal vere etter denne modellen.»**

Vidare er det konkretisert korleis rutetilbodet skal vere. **«Med tur/retur meiner vi at passasjerer skal kunne reise frå heimen til kommunesenteret om morgonen og returnere til heimen på ettermiddagen. Rutetilbodet må vere slik at det er tilstrekkelig tid til å utføre f.eks besøk på offentlege kontor og innkjøp av varer.»**

Og vidare kvar tilbodet skal gjelde.

**«Denne modellen skal gje likt rutetilbod uavhengig av bustadkommune.»**

At Fylkestinget i sitt vedtaket i den omtala saka, har fletta inn orda med båt, rokkar ikkje ved det faktum at: **«Fylkeskommune har ansvar for den lokale kollektivtransporten i fylket. Dette inkluderer eit godt og tenleg kollektivtilbod/rutetilbodet, m.m.»**

Vi ser i sakspapira for ei tilsvarande sak, at det blir påpeika at Samferdsla i Sogn og Fjordane innan 2019 skal ha redusert dei årlege kostnadane med om lag 55 millionar kroner. Er det meininga at vi ute i distrikta skal bli stilt til ansvar for ei slik innsparing, då kan vi sjå langt etter ein rutebuss utanfor stamvegane. Slike innspel er lite sakleg å framføre for oss, når vi veit at framtidsutsiktene våre kan bli å leige taxi, som for ein tur/retur Viksdalen - Førde kostar 3000 til 4000 kroner.

**Viksdalen Pensjonistlag krev på vegne av sine medlemmer og bygdefolk at rutetilbodet mellom Viksdalen/Haukedalen og Sande/Førde også etter 19. juni 2016 er i samsvar med prinsippet om likt rutetilbod uavhengig av bustadkommune, og det som fylkeskommunen sett som eit minstetilbodet.**

**Vi forventar at ansvarlege politikarar innser at innbyggjarane i Viksdalen/Haukedalen må får eit lokalrutetilboda som minimum dekker alle deler av bygdelaget minst ein dag i veka heile året.**

Det må også vere ein føresetnad at det vert framskaffa og gjort kjent ei oversikt over fastbuande langs kvar enkelt rute.

Vi håpar at mottakarane av dette skrivet, ser fornufta i saka og støttar vårt krav om å være ein del av samfunnet, - også resten av livet.

Fråsegna vart samrøystes vedteken.

Årsmøtet i Viksdalen Pensjonistlag den 13.02.2016

  
Ola Hatlestad  
-leiar-

  
Helga Holsen Råheim  
-sekretær-

Kopi til:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, [postmottak.sentraladm@sfi.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfi.no)

Firda Billag AS, [post@firda-billag.no](mailto:post@firda-billag.no)

Gaular kommune, [postmottak@gaular.kommune.no](mailto:postmottak@gaular.kommune.no)

Førde kommune, [postmottak@forde.kommune.no](mailto:postmottak@forde.kommune.no)

Ordførar i Førde Kommune, [olve.grotle@forde.kommune.no](mailto:olve.grotle@forde.kommune.no)

Ordførar i Gaular Kommune, [mathias.raheim@gaular.kommune.no](mailto:mathias.raheim@gaular.kommune.no)

Viksdalen Bygdelag, [gro\\_haga@hotmail.com](mailto:gro_haga@hotmail.com)

Haukedalen Bygdeutviklingslag, [franarfr@online.no](mailto:franarfr@online.no)